

Folkeakademiet Hordaland
Portnerboligen
Kalfarv. 31
5018 Bergen

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
e-post: hfk@hfk.no

24.sept. 2018

Saksnummer 2018/933

Rapport om Kinckdagane 2018

Kinck-dagane 2018 vart gjennomført etter programmet som var sett opp 30. juni og 1. juli i Strandebarm (Kvam herad). Sjå vedlagt plakattoppsett.

Det som ikkje let seg realisera

I høve til søknader sende tidleg på året m.a. til fylkeskommunen, viste det seg at Norsk Folkemuseum stilte så strenge krav til utstillingsrom og felemonter at Kabuso ikkje kunne greia krava til luftfukt. Utstillinga av hardingfela Ole Bull hadde brukt, let seg ikkje gjera i Kabuso i sommar, og felekonserten i Kabuso som skulle vera i september, vart ikkje aktuell sidan den omtala fela ikkje kunne lånast ut til Kabuso. (Søknaden til Sparebankstiftinga Hardanger på kr 19.500 galdt feleopplegget, men søknaden vart ikkje stetta.)

Litt frå programmet

Fokuset på Bull-familien gjorde truleg at Arve Tellefsen og Knut Buen var villige til å koma. Konserten fekk eit høgdepunkt då Tellefsen spela på den eldste norske fela (utlånt frå Hardanger Folkemuseum). Bull-utstillinga som Johan Storm Munch hadde sett opp med m.a. Ole Bull sitt konsertkostyme, ei stor brev- og postkortsamling og personlege eignelutar frå familien, imponerte. Foredraget til T. Baldersheim om Italia-perioden til H. E. Kinck var ein opnar inn til denne delen av forfattarskapet (rennesansediktinga) som har vore lite omtala på tidlegare Kinck-dagar.

Overskot

Kyrkjekonserten, inkl. billett til programmet på Kinck-eigedommen, fekk heile 303 betalande gjester. Dette gjorde at ein kjem ut med eit overskot i år. Overskotet vert sett av med tanke på ei hardingfele-markering, og som grunnlag for arbeid med eit opplegg neste år om Edvard Munch,- kunstnaren/ familien og musikk knytt til kunstnaren og verka hans.

Utgifter

Programhaldarar	57 458
Bull-fele/Hardingfele	10 368
Utstilling Bull	22 725

Tono/Kyrkje/Piano	12 398
Plakatar/lysingar	12 755
Blomar/Mat	2 997
SUM	118 701

Vensam helsing
Fungerande dagleg leiar i Folkeakademiet Hordaland,
Mari Gjengedal (s)

Vedlegg: Program - Rekneskap